List of Signatures

SAK 18-24 Årsrekneskap 2023 - SPAREBANKSTIFTINGA SØRE SUNNM...

Name	Method	Signed at
Smådal, Silje	BANKID	2024-03-19 12:45 GMT+01
Øyehaug, Hans Olav	BANKID	2024-03-15 09:47 GMT+01
Hatløy, Arild	BANKID	2024-03-15 09:36 GMT+01
Reklev, Bente	BANKID	2024-03-15 09:07 GMT+01
Lothe, Arne	BANKID	2024-03-15 09:06 GMT+01
Halkjelsvik, Grete Jorun	BANKID	2024-03-20 09:11 GMT+01
Vasbotn, Atle Andreas Remmereit	BANKID	2024-03-19 21:39 GMT+01

This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

External reference: 766A1EBCE4524908AFBE71E0A1D59470

Årsrekneskap for

SPAREBANKSTIFTINGA SØRE SUNNMØRE

931297864

Rekneskapsår
18.04.2023 - 31.12.2023

This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Document ID:
766A1EBCE4524908AFBE71E0A1D59470

Resultatrekneskap

	Note	18.04 - 31.12.2023
Driftskostnader		
Lønnskostnad	1, 2, 3	-1 233 067
Annan driftskostnad		-564 774
Gåveutdelingar	4	-1 500 000
Sum driftskostnader		**-3 297 842**
Driftsresultat		**-3 297 842**
Finansinntekter		
Anna renteinntekt		1 419 394
Sum finansinntekter		**1 419 394**
Finanskostnader		
Annan rentekostnad		-35
Sum finanskostnader		**-35**
Netto finans		**1 419 359**
Resultat før skattekostnad		**-1 878 483**
Årsresultat		**-1 878 483**
Overføringar		
Overføring annan innskoten eigenkapital	5	-1 878 483
Sum overføringar		**-1 878 483**

This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Document ID:
766A1EBCE4524908AFBE71E0A1D59470

Balanse

	Note	31.12.2023
EIGEDELAR		
Anleggsmiddel		
Finansielle anleggsmiddel		
Investeringar i aksjar og andelar	6	1 681 070 630
Sum finansielle anleggsmiddel		**1 681 070 630**
Sum anleggsmiddel		**1 681 070 630**
Omløpsmiddel		
Fordringar		
Andre kortsiktige fordringar	7	35 940
Sum fordringar		**35 940**
Bankinnskot, kontantar og liknande		
Bankinnskot, kontantar og liknande	8	41 545 728
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		**41 545 728**
Sum omløpsmiddel		**41 581 668**
SUM EIGEDELAR		**1 722 652 298**

This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Document ID:
766A1EBCE4524908AFBE71E0A1D59470

Balanse

	Note	31.12.2023
EIGENKAPITAL OG GJELD		
Eigenkapital		
Innskoten eigenkapital		
Grunnkapital	5	650 000 000
Annan innskoten eigenkapital	5	1 072 292 147
Sum innskoten eigenkapital		**1 722 292 147**
Sum eigenkapital		**1 722 292 147**
Gjeld		
Kortsiktig gjeld		
Leverandørgjeld		32 536
Skyldige offentlege avgifter	8	157 700
Anna kortsiktig gjeld		169 915
Sum kortsiktig gjeld		**360 151**
Sum gjeld		**360 151**
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		**1 722 652 298**

Arild Hatløy
styrets leder

Grete Jorun Halkjelsvik
styremedlem

Bente Reklev
styremedlem

Atle Andreas Remmereit Vasbotn
styremedlem

Hans Olav Øyehaug
styremedlem

Silje Smådal
styremedlem

Arne Lothe
Dagleg leiar

This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Document ID:
766A1EBCE4524908AFBE71E0A1D59470

SPAREBANKSTIFTINGA SØRE SUNNMØRE
931 297 864

Notar

This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Document ID:
766A1EBCE4524908AFBE71E0A1D59470

SPAREBANKSTIFTINGA SØRE SUNNMØRE
931 297 864

Kontantstraumoppstilling

	2023
Kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar	
Resultat før skattekostnad	-378 483
Endring i kortsiktige fordringar	-35 940
Endring i leverandørgjeld	32 536
Utbetaling gåver	-1 500 000
Endring i andre tidsavgrensingspostar	27 615
Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar	**-1 854 272**
Kontantstraumar frå investeringsaktivitetar	
Gevinst ved realisasjon av marknadsverdibaserte finansielle instrument	0
Tap ved realisasjon av marknadsverdibaserte finansielle instrument	0
Urealisert verdiauke av marknadsverdibaserte finansielle instrument	0
Innbetalingar ved sal av aksjar og andelar i andre føretak	0
Utbetalingar ved kjøp av aksjar og andelar i andre føretak	0
Utbetalingar ved kjøp av andre investeringar	0
Innbetalingar ved sal av andre investeringar	0
Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar	**0**
Kontantstraumar frå finansieringsaktivitetar	
Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar	**0**
Effekt av valutakursendringar på kontantar og kontantekvivalentar	
Netto endring i kontantar og kontantekvivalentar	-1 854 272
Behaldning av kontantar og kontantekvivalentar ved periodens start	43 400 000
Behaldning av kontantar og kontantekvivalentar ved periodens slutt	**41 545 728**
Denne består av:	
Kontantar og bankinnskot pr 31.12	41 439 703
Skattetrekksinnskot o.l. pr 31.12	106 025
Behaldning av kontantar mv. 31.12	**41 545 728**

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk, inkludert norske rekneskapsstandardar.

This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Document ID:
766A1EBCE4524908AFBE71E0A1D59470

Anleggsmidlar og langsiktig gjeld

Anleggsmidlar omfattar eigedelar til varig eige og bruk for verksemda. Anleggsmidlar er vurderte til anskaffingskostnad. Varige driftsmiddel blir ført opp i balansen og avskrivne over driftsmiddelets forventa økonomiske levetid. Varige driftsmiddel blir nedskrivne til verkeleg verdi ved verdifall som forventast å ikkje vere av forbigåande art. Nedskrivingar blir reverserte når grunnlaget for nedskrivinga ikkje lenger finst å vere til stades.

Kostnadsføring

Kostnader blir rekneskapsførte som hovudregel i same periode som tilhøyrande inntekt. I dei tilfella der det ikkje er ein klar samanheng mellom utgifter og inntekter, blir fordelinga fastsett etter skjønnsmessige kriterium. Andre unntak frå samanstillingsprinsippet er oppgitt der det er aktuelt.

Finansielle instrument og andre langsiktige investeringar

Anleggsaksjar og andre langsiktige aksjar blir vurderte til kostpris. Marknadsbaserte aksjar blir vurderte til lågaste av anskaffingskostnad og verkeleg verdi. Marknadsbaserte obligasjonar og rentefond som er klassifiserte som omløpsmiddel, blir handsama som ein handelsportefølje og rekneskapsførte til marknadskursar på balansedagen. Urealisert verdiendring blir inkludert i finansinntekter og -kostnader. Mottatt utbytte og mottatte renter blir rekneskapsførte som høvesvis finansinntekt og renteinntekt.

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar normalt postar som forfall til betaling innan eitt år etter siste dag i rekneskapsåret. Omløpsmiddel blir vurderte til lågaste verdi av anskaffingskostnad og antatt verkeleg verdi (lågaste verdiprinsipp).

Fordringar

Kundefordringar blir førte opp i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til påreknelig tap. Avsetning til påreknelig tap blir gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei einskilde fordringane. I tillegg blir det for andre kundefordringar sett av ei uspesifisert avsetning for å dekke antatt tap.

Andre fordringar blir også gjenstand for ei tilsvarande vurdering.

Gjeld

Gjeld blir balanseført til nominelt gjeldsbeløp.

Pensjonsforpliktingar

Selskapet har pensjonsavtale gjennom ein forsikringsavtale, og avtalen er ein innskotsplan som ikkje medfører andre forpliktingar utover innbetaling av årets premie. Årets premie blir rekna ut på basis av lønn i same periode. Pensjonsforpliktingar og pensjonsmidlane er ikkje ført opp i rekneskapen. Årets betalte premie er bokført i resultatrekneskapen.

Kontantar og kontantstraumoppstilling

Kontantar og kontantekvivalentar omfattar kontantar, bankinnskot og andre kortsiktige, likvide plasseringar. Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd etter den indirekte metoden.

Skatt

Selskapet er ikkje skattepliktig etter sktl §2-32. Sidan selskapet ikkje har som formål å skaffe eigarane direkte økonomisk utbyte, er det ikkje gjort nokon behandling av skatt i rekneskapen.

This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Document ID:
766A1EBCE4524908AFBE71E0A1D59470

Note 1 - Antal årsverk

Antal årsverk sysselsette i regnskapsåret:	1

Note 2 - Lønnskostnader

Spesifikasjon av lønnskostnader	18.04 - 31.12.2023
Lønn	1 058 304
Arbeidsgivaravgift	152 437
Pensjonskostnader	18 701
Andre relaterte ytingar	3 625
Sum	**1 233 067**

Note 3 - Ytingar til leiande personar

	Lønn	Pensjonsutgifter	Annan godtgjersle
Ytingar til dagleg leiar	324 000	18 701	5 494

Det er utbetalt styrehonorar og møtehonorar til styret på totalt kr 684 006 i regnskapsåret.

Note 4 - Gåveutdeling

Stiftinga har ytt følgande i gåveutdeling:

	Beløp	**Utbetalt**	**Rest**
Gåveutdeling 2023	1 500 000	1 500 000	0
Sum	**1 500 000**	**1 500 000**	**0**

This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Document ID:
766A1EBCE4524908AFBE71E0A1D59470

Note 5 – Eigenkapitalbevegelse

	Grunnkapital	Annan innskoten EK	Sum EK
Pr 18.04	**650 000 000**	**1 074 170 630**	**1 724 170 630**
Årets resultat		-1 878 483	-1 878 483
Per 31.12	**650 000 000**	**1 072 292 148**	**1 722 292 147**

Årets resultat er disponert mot annan innskoten eigenkapital.

Note 6 - Verkeleg verdi av finansielle instrument

Eigendel	Verkeleg verdi	Periodens resultatførte verdiendringar
Sparebank 1 SMN	1 823 754 094	0

Finansielle anleggsmiddel er ført til bokført verdi kr 1 681 070 630.

Endring ikkje bokført i 2023 er kr 142 683 464

Note 7 - Lån og tryggleiksstilling til leiande personar, eigarar med vidare

Det er ikkje gitt lån eller tryggleiksstilling til medlemar av styrande organ.

Note 8 - Bankinnskot

	31.12.2023
I posten for bankinnskot inngår eigen konto for bundne skattetrekksmidlar med	106 025
Skyldig skattetrekk	-106 025

This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Document ID:
766A1EBCE4524908AFBE71E0A1D59470

Årsberetning

Sparebankstiftinga Søre Sunnmøre er ei uavhengig stifting som gir støtte til allmennyttige formål.

Sparebankstiftinga Søre Sunnmøre vart etablert i 2023 i samband med fusjonen mellom SpareBank 1 Søre Sunnmøre og SpareBank 1 SMN.

Stiftinga forvaltar formue opparbeida gjennom 170 års bankdrift på Søre Sunnmøre. Stiftinga skal vidareføre tradisjonane med å disponere overskot ved å gi bidrag til allmennyttige formål.

Formål

Stiftinga skal forvalte eigenkapitalbevis som stiftinga vart tilført ved skipinga, og stå for ein langsiktig og stabil eigarskap i SpareBank 1 SMN. Stiftinga skal plassere midlane på ein formålstenleg og trygg måte ut frå omsynet til tryggleik, risikospreiing, likviditet og avkasting.

Stiftinga skal disponere overskot og gi bidrag til allmennyttige formål. Gjennom disposisjonane sine skal stiftinga ta omsyn til det distriktet som har bygd opp kapitalen til tidlegare SpareBank 1 Søre Sunnmøre.

Gjennom verksemda si skal stiftinga ved eigarskapen sin i SpareBank 1 SMN og vidareføring av sparebanktradisjonane sikre eit godt regionalt forankra sparebanktilbod på Søre Sunnmøre. Elles kan stiftinga stå for anna verksemd som kan sameinast med nemnde formål og dei rammer som til kvar tid følgjer av regelverket for sparebankstiftingar.

Visjon og verdiar

Sparebankstiftinga sin ambisjon er å utløyse skaparkraft, å skape engasjement og å vere ein pådrivar for utvikling på Søre Sunnmøre. I dette ligg det at stiftinga skal vise eit stort samfunnsengasjement, og bidra positivt i lokalsamfunnet gjennom utdelingar til allmennyttige formål. Stiftinga skal basere seg på verdiane frå den innfusjonerte banken, og vere nær, engasjert og byggje opp under fellesskapet. I tillegg skal stiftinga vere langsiktig ved å sørgje for bidrag som kjem Søre Sunnmøre til gode i eit generasjonsperspektiv.

Visjonen til Sparebankstiftinga er

"Saman skapar vi engasjerte lokalsamfunn"

Verdiane er

"Nær, engasjert, ansvarleg, langsiktig"

Søknadar til stiftinga.

Tildelinga frå stiftinga gjerast på bakgrunn av innsendte søknadar gjennom vår søknadsportal. Styret vedtek tildelingar etter innstilling frå administrasjonen.

This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Document ID:
766A1EBCE4524908AFBE71E0A1D59470

Tildeling i oppstartsåret 2023

Styret i stiftinga gav i november Frivilligsentralane på Søre Sunnmøre ei gåve på 1,5 millionar som skal gå til matkasser, gode klede og arrangement i samband med jul. Der er ulike samarbeidspartnar i dei ulike kommunane for å gjennomføre dette, m.a. Sanitetslag, Frelsesarmeen og Røde Kors omsorg. Frivilligsentralane med samarbeidspartnarar har ei viktig rolle for å skape engasjerte lokalsamfunn og dei gjer ein veldig flott jobb saman.

Forskings- og utviklingsaktivitetar

Stiftinga driv ikkje med FoU-aktivitetar, og har difor ikkje hatt slike aktivitetar i rekneskapsåret.

Miljørapport

Stiftinga driv si verksemd på Søre Sunnmøre og vil med det ha noko reiseverksemd i regionen knytt til det allmennyttige formålet. I tillegg vil ein ha noko reiseverksemd knytt til kapitalforvaltninga. Stiftinga er ei kontorverksemd med avgrensa direkte påverknad på miljøet, men gjennomfører relevante tiltak for å redusere eiga påverknad.

Stiftinga sitt viktigaste bidrag til ei berekraftig utvikling ligg i tildeling av gåver, sidan vi saman med gåvemottakar arbeider med berekraftige løysningar. Vi er langsiktige i vår tildeling til allmennyttige formål.

Arbeidsmiljø

Stiftinga har ein tilsett. Arbeidsmiljøet blir vurdert til å vere godt og det er ikkje iverksett spesielle tiltak av betydning for arbeidsmiljøet. Det har ikkje vore skadar eller ulykker i rekneskapsåret.

Finansiell risiko

Risikoforhold

Verksemda til stiftinga gir eksponering overfor ulike typar risiko, spesielt knytt til verdiendringar i marknaden for finansielle instrument. Dei mest vesentlege risikoane er *marknadsrisiko, kredittrisiko og likviditetsrisiko*.

Marknadsrisiko

Stiftinga er eksponert for endringar i marknaden for finansielle instrument då ein del av selskapets inntekter baserer seg på kjøp og sal av slike. Selskapet har berre investert i eigenkapitalbevis i SpareBank 1 SMN. Styret har utarbeidd plan for kapitalforvaltning som vil bli implementert i 2024.

Styret vil fortløpande vurdere om det skal gjerast endringar i forvaltninga av ledig likviditet.

This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Document ID:
766A1EBCE4524908AFBE71E0A1D59470

Kredittrisiko

Kredittrisiko til stiftinga er knytt til stiftinga si behaldning av eigenkapitalbevis i Sparebank 1 SMN. Kredittrisikoen vurderast som låg, då dei ikkje har fordringar av betydning.

Likviditetsrisiko

Likviditetsrisiko til stiftinga er knytt til det å ha likvide midlar til eventuelle emisjonar. Styret har lagt ein plan for å sikre likviditet, slik at ein kan ta del i framtidige emisjonar. Styret har vurdert moglegheitene for å frigjere midlar til meir likvide produkt.

Økonomi

Stiftinga vart skipa med 12 971 224 eigenkapitalbevis kvar lydande NOK 20 i SpareBank 1 SMN og eit kontantbeløp på NOK 43,4 millionar.

Stiftinga sin grunnkapital er NOK 650 millionar.

Hendingar etter balansedagen

Ingen spesielle hendingar etter balansedagen.

Utvikling i resultat og stilling

Årsrekneskapen gir ei rettvis oversikt over utviklinga i føretaket, for resultatet i rekneskapsåret og stillinga ved rekneskapsårets slutt. Dei sentrale risikoane er knytt til forvaltninga av kapitalen som er investert i bankinnskot og eigenkapitalbevis i Sparebank 1 SMN.

Vedvarande drift

Årsrekneskapen er avlagt under føresetnad om vedvarande drift. Styret stadfestar at føresetnadane om vedvarande drift er til stades.

Framtidsutsikter

I 2023 har styret jobba med å utforme Plan for formålsrealisering, Plan for kapitalforvaltning og utarbeiding av instruksar. Dette dannar eit godt grunnlag for å realisere formålet til stiftinga.

Stiftinga sitt formål er å forvalte eigenkapitalbevis som stiftinga vart tilført ved skipinga, og å stå for ein langsiktig og stabil eigarskap i SpareBank 1 SMN. Stiftinga skal i tillegg plassere midlane på ein formålstenleg og trygg måte ut frå omsynet til tryggleik, risikospreiing, likviditet og avkastning. Stiftinga er godt posisjonert i SpareBank 1 SMN og har god tru på banken, som ein vurderer som solid og godt drevet.

Stiftinga skal disponere overskot og gi bidrag til allmennyttige formål. Gjennom disposisjonar skal stiftinga først og fremst ta omsyn til det distriktet som har bygd opp kapitalen til tidlegare SpareBank 1 Søre Sunnmøre.

This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Document ID:
766A1EBCE4524908AFBE71E0A1D59470

SPAREBANKSTIFTINGA SØRE SUNNMØRE
931 297 864

Volda 14. mars 2024

I styret for Sparebankstiftinga Søre Sunnmøre

Arild Hatløy	Grete Jorun Halkjelsvik	Hans Olav Øyehaug
Styreleiar	Nestleiar	Styremedlem
Bente Reklev	Atle Vasbotn Remmereit	Silje Smådal
Styremedlem	Styremedlem	Styremedlem

This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Document ID:
766A1EBCE4524908AFBE71E0A1D59470